

Haustemelding veke 30, 26. juli – 1. august, 2021



Kva?	Kor?	Kor mykje?	Korleis?	Andre kommentarer
Rød løk NYTT DENNE VEKA	Hovudfelt	2 løk	Riv opp løken, skjer av rota. Skjer av det av lauvet som du ikkje vil ha. Kast det i midtgangen.	Det går også an å bruka den grønne delen av lauken ennå dersom han ikkje er visna.
Gul løk NYTT DENNE VEKA	Hovudfelt	4 løk	Riv opp løken, skjer av rota. Skjer av det av lauvet som du ikkje vil ha. Kast det i midtgangen.	Det går også an å bruka den grønne delen av lauken ennå dersom han ikkje er visna. Det er to senger med gul løk. Vi startar på den eine (merka med grønt) og ventar litt den andre (merkar med rødt)
Margerter NYTT DENNE VEKA	Hovudfelt, ved det korte nettet og i enden av nettet med sukkererter	20 plysjer/belgar	Klipp plysjene av eller riv dei forsiktig av slik at du ikkje øydelegg planten.	Ta dei belgane som er tjukkast, fylte med erter. Her er det nok sjølve ertene som skal etast, ikkje belgane.
Vårløk	Hovudfelt. Vi fortset å hauste på senga med berre ei rad. I tillegg er det noko vårløk ved sida av bondebønnene	Tre buntar	Riv vårløken opp med rota. Rist gjerne av molda, men ikkje oppå dei andre plantene. Om du treng å vaska han, finn du vatn i lageret.	
Mangold	Hovudfelt	Ta så mykje du vil ha	Plukk enkeltblad på plantene, ikkje alle blada frå ein plante.	

Romanosalat NYTT DENNE VEKA	Hovudfelt	Ta det du vil ha	Plukk blad frå romanosalaten som spirer opp frå rota. Det blir nok ikkje salathovud av dette, så bruk gjerne blada.	
Bondebønner NYTT DENNE VEKA	Hovudfeltet, ved sida av sukkerertene	20 belgar	Klipp plysjene av eller riv dei forsiktig av slik at du ikkje øydelegg planten.	Ta dei største belgane. Her er det bønnene som skal etast, ikkje belgen.
Isbergsalat	Rekka med salat på begge sidene av bondebøndene.	2 salathovud	Skjer av salaten ved rota, eller riv opp planten med rota og skjer/riv av rota etterpå. Om du riv opp planten, så pass på at du ikkje drysser mold på dei andre plantene.	
Sukkererter	Hovudfelt (merk at sukkerertene er på den rekka med det lange nettet.	20 plysjer/belgar	Klipp plysjene av eller riv dei forsiktig av slik at du ikkje øydelegg planten.	
Ruccola	Hovedfelt – på begge sider av sukkerertene	Ta det du vil ha	Plukk enkeltblad, ikkje riv opp heile planten.	Me har klippa ned blomane, men det går fortsatt an å ta blad frå denne.
Stangbrekkbønner	Hovudfelt, ved sida av sukkerertene.	10 belgar	Klipp/riv forsiktig av belgane slik at du ikkje øydelegg planten. Ta dei største belgane.	
Honningurt NY DENNE VEKA	Hovudfeltet, ved sida av solsikkene og ved sida av gresskara	Det du vil ha.		Plukk gjerne med deg ein bukett av desse om du ønskjer det.
Squash	Hovudfelt	2-3 squash	Skjer av squashen og la resten av planten stå igjen.	Ta minst ein svær squash og gjerne ein eller to litt mindre.

Savoykål	Hovudfelt (kålfeltet der insekstnettet er tatt av)	2 kålhovud	Skjer kålet av med kniv, og la resten av planten stå igjen.	Nokre av kåla har stått for lenge og er ikkje så fine, men om du tek av ytterblada, kan mange av dei sikkert brukast allikevel.
Grønncål	Hovudfelt (kålfeltet der insekstnettet er tatt av)	Ta det du vil ha	Ta dei ytterste/nederste blada, 2-3 blad på kvar plante, ikkje blada på toppen av planta og ikkje alle blada på ein plante.	Gå gjerne litt nedover i rekke slik at det ikkje berre blir hausta på dei første plantene. Gule blad nederst på plantene kan berre rivast av.
Brokkoli	Hovudfelt (kålfeltet der insekstnettet er tatt av)	2 brokkoli	Skjer brokkolien av rett under "blomen", ikkje riv det opp med rota. La resten av planten stå igjen.	Obs Desse bør haustast så fort som mogleg, før dei går i blom. Du kan også hauste sideskot som kjem ut på dei plantene som allereie er hausta. Sideskota kan du ta så mykje du vil av.
Kålrot/kålrabi	Hovudfelt (kålfeltet der insekstnettet er tatt av)	2 kålrot	Riv opp kålrota. Ta av dei største først. Skjer lauvet av og legg det igjen på bakken, ikkje oppå dei som ikkje er hausta.	
Knutekål	Hovudfelt (kålfeltet der insekstnettet er tatt av)	1 knutekål	Skjer kålet av under knuten eller riv det opp med rota. Skjer av blada og legg dei på bakken, ikkje oppå dei som ikkje er hausta.	Gå gjerne litt nedover i feltet, for å sjå etter dei største knutekåla.
Gulrot NY DENNE VEKA	Hovudfeltet, ved sida av knutekåla. Den rekka som nettet er tatt av på	15 – 20 gulrøter	Dra opp gulrota etter lauvet. Knekk av lauvet og legg det i gangane mellom sengene.	Me startar denne veka med gulrøtene, ta dei største først.
Stangselleri	Hovudfelt (ved sida av fenikkelen)	2 planter	Skjer av planten nede ved rota.	

Fennikel	Hovudfelt (ved sida av spinaten).	2 planter	Ta dei største plantene. Riv planten opp og skjer av rota. Dersom du ikkje vil ha med lauvet, så skjer det av og legg det på marka mellom spinatrekka og fennikelrekka eller i komposthaugen.	
Spinat	Hovudfelt (nede ved hekken, på sida av solsikkene)	Plukk så mykje blad du vil ha.	Ta nokre blad frå kvar plante.	Spinat har gått i stокk, men blada kan fortsatt brukast.
Solsikker NY DENNE VEKA	Hovudfeltet og bak lageret	3 blomar av dei låge solsikkene eller ein stor blom av dei høge (kun dei som har fleire knoppar på planten)	Klipp av blomar som er utsprungne, ikkje knoppar	På dei låge og nokre av dei høge er det mange blomar på kvar plante. Mange av dei høge har bare ein blom per plante, og desse ønskjer me ikkje at det tek.
Pipeløk	Bak lageret (ei seng og ein pallekarm)	Ta det du treng	Klipp av nokre blad frå kvar plante, ikkje riv opp eller klipp av heile planten.	
Plukksalat	Bak lageret	Ta så mykje du vil ha	Plukk enkeltblad, ikkje ta heile planten.	
Reddik NYTT HOLD DENNE VEKA	Bak lageret	10 reddikat		Nytt hold med reddik er klar! Same plassen som før.
Urter	Urtekasser	Plukk det du treng	Plukk/klipp av litt frå kvar plante, ikkje heile planten.	De kan hausta frå alle urtekassane. NB: også ringblom og blomkarse er ein del av urtehagen og kan plukkas enten til pynt eller til mat.

Neper	Bak lageret	1-2 så langt det rekk	Riv opp nepa. Skjer av lauvet og gi det til geitene eller kast det i haugen med avfall ved gjerdet.	Det er neste slutt på nepene. Fint om dei som kjem først i veka tek det som er igjen, så vil me så i noko nytt i det bedet.
Tomat – alle sortane	I veksttunnellen	2-3 store tomatar og 5-6 små tomater om du finn nokon som er modne	Riv/klipp forsiktig av tomaten slik at du ikkje riv ned planten.	Matina og fuzzy wuzzy tomatane er røde når dei er modne. Goldiana og Blush Tiger er modne når dei er lys oransje.
Agurk	I veksttunnellen	1 agurk om du finn ein som er klar	Riv/klipp forsiktig av agurken slik at du ikkje riv ned planten.	Sjå også godt etter nederst på plantene, det kan vere agurker her på nokre sideskot.
Basilikum	I veksttunnellen	Tat det du treng	Plukk litt frå kvar plante.	